

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 11.06.2020  
Vår ref.: 201903254-4  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 07.05.2020  
Dykkar ref.: 19/10076 20/5464

Sakshandsamar:  
Ole-Jakob Sande

## NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for Fosnavåg hamn Nørvågen i Herøy kommune

Vi viser til brev datert 07.05.2020. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen i Herøy. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for eit samla deponi for ureine masser i samband med utdjuing av Fosnavåg hamn. I tillegg er det lagt til rette for nytt næringsareal over deponiet med nytt kaiareal mot sjøen.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

I NVE sitt innspel til varsel om planstart datert 08.05.2019 viste vi til at planarbeidet måtte ta omsyn til kartlagt skredfare i bratt terreng, potensiale for ustabil grunn og forventna auka havnivå.

### NVE sine merknader til planframlegget

#### Naturfare

Asplan Viak har i rapport datert 24.11.2016 gjort ei skredfarevurdering for Nørdrevåg. Det er utarbeidd faresonekart, og for delar av planområdet er det vurdert skredfare med sannsyn  $\geq 1/5000$  med steinsprang som dimensjonerande skredtype. Rapporten gjer det klart at farenivået er basert på at ein betongmur langs vegen sør for planområdet held same standard som under synfaringa.

I framlegg til plankart er det regulert omsynssone *Skredfare H310* i samsvar med faresonekartet som Asplan Viak har utarbeidd. I tilhøyrande føresegn § 6 er det vist til kartlagt fare og sett krav om at tiltak og aktivitet skal vere i samsvar med krava i TEK17.

**NVE ber kommunen om justere føresegnene til omsynssone skredfare, slik at det kjem fram kva gjentaksintervall for skred faresona representerer i høve til tryggleiksklassane i TEK17 § 7-3.**

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

**Sidan betongmuren sør for planområdet er ein føresetnad for kartlagt skredfare, meiner vi at det også må setjast krav til ny vurdering eller tiltak dersom funksjonen til muren vert endra.**

Det er gjort fleire undersøkingar av grunnforholda i og utanfor planområdet. Vedlagt plandokumenta ligg geoteknisk datarapport som Multiconsult har gjort på oppdrag for Kystverket. I rapporten er resultatane av prøvane i indre hamn skildra, men det er slik vi kan sjå ikkje konkludert med status på områdestabilitet.

I ROS-analysen er det vurdert lite sannsyn for kvikkleire på land, medan det for deponiområdet er venta setningar og uvisst om deponiflata kan nyttast til byggegrunn utan peling. Når planen legg til rette for å nytte arealet til utbyggingsføremaal, meiner NVE at plandokumenta må klargjere om arealet er eigna, alternativt setje klare krav til tiltak slik at det stettar gjeldande tryggleikskrav. Det bør heller ikkje vere tvil om etablering av deponiet kan utløyse skred i strandsona som forplantar seg vidare på land.

**NVE ber kommunen avklare om områdestabiliteten for planområdet er tilfredsstillande før slutthandsaming av planen.**

NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for [innmelding](#) av rapportar på vår nettside. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i [NVE Atlas](#).

Vi ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til [NADAG](#) (nasjonal database for grunnundersøkingar), jf. brev frå NVE til kommunane datert 27.11.2019.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal